



**Arbeidet med kloakkreinseanlegga på Korsnes og Børnes går raskt framover - til glede for mange uskedelingar på lengre sikt. Men undervegs må dei tåla vise ulemper, som til dømes på Korsnes torsdag. Då blir vatnet borte.**

Sigmund Myklebust, som saman med far Sverre har ansvaret for graving, sprenging og gjenfylling både på Børnes og Korsnes, opplyser til uskedalen.no at vatnforsyninga til Korsnes-området blir stengd av frå morgonen av. Truleg forsvinn vatnet ved sjutida. Kor lenge det blir borte er noko usikkert, men det kan bli heile dagen, varslar Myklebust.

Første etappe i arbeidet med første byggjesteget var graving og sprengjing på Børnes. Der fjerna Sverre og Sigmund Myklebust rundt rekna 2.000 kubikkmeter fjell før dei tok fatt på dei førebuande arbeida på Korsnes.

No er hovudentreprenøren Byggservice godt i gang med dei bygningstekniske arbeida på Børnes (biletet over) medan Myklebust Maskinstasjon er tilsvarande godt igang med graving og sprengjing på Korsnes (biletet under).

Kloakken frå alle dei sentrale delane av Uskedalen skal samlast på Børnes medan Korsnes-anlegget berre skal dekkja dette bustadområdet. Overføringsleidningane til Børnes skal først leggjast neste år.

(Foto: Ola Matti Mathisen).

